

**Reguleringsplan for Mongstad, Statoil industriområde**  
**Endring av reguleringsplan**  
**Oppsummering merknader, offentlig høyring Austrheim kommune**  
**Dato: 17.1.2014**

Avsendar	Oppsummering merknad	Kommentarar frå forslagstillar
Statens vegvesen, 1.11.2013	1. Endringane i reguleringsplanen vil ikkje føre til vesentlege ulemper for dei interessene som Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune skal ivareta.	1. <i>Tas til orientering.</i>
Kystverket, 14.11.213	1. Har ingen merknader til reguleringsendringa. 2. Viser til at vedlagt temakart har skissert inn nye kaier ved Mongstad raffineri. Minner om at ein ved planlegging av nye kaiar involverer Kystverket sine losar som viktige brukarar av kai anlegga på Mongstad.	1. <i>Tas til orientering.</i> 2. <i>Tas til orientering.</i>
Bergen og Omland havnevesen (BOH), 19.11.2013	1. Har ingen merknader til reguleringsendringa. 2. Minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø, samt andre tiltak som kan påverke sikkerheita eller framkommelegheit i sjøområde krev løyve frå BOH jf hfl § 27. En orientering om denne søknadsplikten bør takast inn i reguleringsføresegnene.	1. <i>Tas til orientering.</i> 2. <i>Det er ikkje heimel for å innlemme lovbestemte krav etter anna lovverk enn plan- og bygningslova i føresegnene. Dette punktet vert difor ikkje innlemma i føresegnene.</i>
Heidi og Terje Litlås Litlåsveien 170 5953 Fønnes 2.12.2013	1. Det er teikna inn veg og industri langs og opp mot toppen av Litlåsfjellet – dette må endrast. Den gongen Litlåsfjellet var kjøpt var intensjonen at område skulle være en buffersone mot industriområdet. Området har friluft- og naturverdiar. Det må ikkje tillastast veg og industri heilt opp mot toppen av Litlåsfjellet. I planen er vei og industri lagt opp til kote + 95, det er meir	<i>Utvidinga av industriområde er innanfor område sett av til framtidig næringsverksemd. Liltåsåsen er beholdt som grøn buffer mot vest i samsvar med overordna plan og det er lagt vekt på å overhalde føringa i kommunedelplanen om at utbygging i N-2 ikkje skal bryte med horisonten over Liltåsen sett frå Hope og Keilen. Skråninga opp mot åsryggen vil ha funksjon som ei buffersone mellom industriområde og busetnaden i Litlås og Hope.</i>

	<p>naturleg i forhold til terrenget å legge område på ca kote + 50 – slik det er gjort i Lindås kommune.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Austrheim og Lindås kommune har nyleg regulert over 2 km<sup>2</sup> industriområde i nærleiken av Mongstad. Noko av dette må kunne nyttast i staden for toppen av Litlåsfjellet.</li> <li>3. Industribygg på høgaste punkt i fleire kilometers omkrets bør ikkje tillast. Litlåsfjellet må bevarast som natur- og friluftsområde og som buffersone mellom industrien på Mongstad og busetnaden på Litlås – på same måte som ein har gjort i Lindås kommune frå Hellestveitnova, langs åsen mot Litlåsfjellet. Det må ikkje opnast for industri høgare enn ca kote + 50.</li> <li>4. Viser til innspel frå alle innbygarane på Litlås ved utarbeiding av siste kommunedelplan. Eit av punkta var at Litlåsfjellet måtte behaldast som buffersone/naturområde.</li> </ol> <p>(Terje Litlås har sendt eige brev til Fylkesmannen i saka. Innhaldet i dette brevet er ikkje kommentert her, men brevet ligg vedlagt.)</p>	
<p>Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga 4.12.2013</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fylkesmannen har ingen merknader til at området i Austrheim vert regulert til grøntstruktur.</li> <li>2. Ber om at det vert inngått avtalar for å sikre at dei delane av eigedomane som er jordbruksareal framleis kan verte drive.</li> <li>3. Planområdet grensar mot Litlåsen som er viktig å ta vare på som sentralt landskapselement og lokalt friluftsområde. Det er viktig å sikre at Litlåsen framleis vert eit godt friluftsområde og at utbygging ikkje kjem i konflikt med horisontlinjer</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. <i>Tas til orientering.</i></li> <li>2. <i>Merknaden er privatrettsleg og ikkje relevant for reguleringsplanen.</i></li> <li>3. <i>Tas til orientering.</i></li> </ol>

	<p>og såleis bryt opp landskapet. Legg vekt på at reguleringa i hovudsak er i tråd med kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad og følgjer opp denne planen sine intensjonar om å setje av ein buffer med grønstruktur mot Liltåsen. Fylkesmannen legg difor til grunn at landskaps- og friluftsverdiane er teke omsyn til ved dette.</p>	
<p>BKK Nett AS 6.12.2013</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planlagt ny veg mellom transformatorstasjonen og vasstårna i reguleringsplankartet er teikna slik at han går rett igjennom eit av dei eksisterande mastepunkta for 132 kV kraftleidningen Seim-Mongstad. Dette mastepunktet skal nyttast også etter at leidningen er omlagt rundt transformatorstasjonen. Dersom vegtraseen vert liggande slik som teikna i plankartet må 132 kV leidningen leggest om ytterlegare 100 meter.</li> <li>2. Kraftleidningar og kabelanlegg bygde etter anleggskonsesjon er i hovudsak unnateke handsaming etter Plan- og bygningslova. Kraftleidningar skal difor ikkje innteiknast som eit planføremål, men bør innarbeidast som ei omsynssone.</li> <li>3. Til § 2.9.1 i føresegnene – hovuddelen av BKK si tomt er planert ned til kote + 62,5, medan det i føresegnene er sett + 65. Ber om at dette vert endra til + 62,5.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. <i>Tatt til følge – plankartet er endra ved at veg er lagt utanom dette mastepunktet.</i></li> <li>2. <i>Tatt til følge – kraftliner er vist som omsynssone i planen men dette er ytterlegare presisert i teiknforklaring til plankart.</i></li> <li>3. <i>Tatt til følge – føresegna er endra i samsvar med merknad.</i></li> </ol>
<p>Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga 20.12.2013</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planen er berre vurdert ut frå kulturminne. Dei to automatisk freda kulturminna i planområdet er godt ivarettatt i føresegnene.</li> <li>2. Ber om at det vert lagt ei omsynssone H_570_2 som vist på vedlagt kart rundt dei to automatisk</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. <i>Tas til orientering.</i></li> <li>2. <i>Tatt til følge – omsynssone er teikna inn i samsvar med vedlagt kart.</i></li> <li>3. <i>Tatt til følge – ordlyden er tatt inn i føresegnene.</i></li> <li>4. <i>Tas til orientering.</i></li> </ol>

	<p>freda kulturminna for å sikre godt og langsiktig vern.</p> <p>3. Ber om at følgjande tekst vert teken inn i føresegnene: «I H_570_2 ligg der to automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillat å setje i verk tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemma kulturminna. Ved vedlikehalda av kraftline i omsynssone for høgspenningsanlegg må det takast omsyn til dei automatisk freda kulturminna.»</p> <p>4. Minner om at dersom det vert gjort funn som kan vere automatisk freda må arbeidet stansast og Hordaland fylkeskommune får melding for vidare handsaming, jf Kulturminnelova § 8.2.</p>	
--	--	--